

## **Protokoll**

Protokoll frå Årsmøtet i Hordaland Bygdekvinnelag  
7.-8.mars 2026 på Hardangerfjord Hotel, Øystese

**Velkomen ved** Tone Geirsdottir Solvang for vertslaga Vikøy og Øystese. Ho fremma mange gode grunnar for å vera med i Bygdekvinnelag. Sjå i årsmeldinga kva som vert gjort i dei forskjellige laga. Beredskap skal vera oppe, men fellesskap er den viktigaste beredskapen.

**Ordførar Torgeir Næss** helsa frå Kvam Herad. Han la vekt på viktigheita av frivillig arbeid og levande bygder. Snakka om kva skikk kvemningar har for å gje skryt og ta imot kritikk. Kvam er eit herad med mykje industri, også er det arbeidsplassar innan reiseliv, havbruk, entreprenørskap, landbruk, skogbruk, kommunale arbeidsplassar og Hardanger Fartøyvernsenter. I dag vert det arbeidd med å gjera fylkesvegen til Kvam tryggare og har planer om ny tunnel i Tokagjelet. Ungdomsskulen vart kåra til årets skule 2023. Fortalde om Fritidskort som er ei ordning for alle ungdomar i Kvam. Det gjer at alle har lik moglegheit å delta i fritidsaktivitetar. Kvam er årets nynorsk-kommune og er stolte av at Jon Fosse kjem frå Kvam. Heradet jobbar no med å få til eit eige Jon Fosse-senter. Mykje arbeid i Kvam Herad vert gjort av frivillige.

**Sarifa Moola Nærnes** hadde ord for dagen. Safira starta med å få alle med på ein sør-afrikansk song. Ho presenterte seg som Sør-afrikansk kvinnekjempar, muslim og no bondekvinne på Mundheim. Ho er oppvaksen med frivilligheit og sterke kvinner under apartheid-regimet. Fattigdom, rasisme og forskjellsbehandling var del av kvardagen. Fellesskap er viktig, kvinner opnar vegen for andre. Framleis er det mange saker som trengs å jobba og kjempa for, til dømes lik lønn for likt arbeid. Det er kraft i dugnad og bygdekvinnelaget har gjennom generasjonar vore med å byggja fellesskap steg for steg. Det er kvinner som tek seg av borna og dei eldre og kjempa for rettigheter. Våre handlingar vert deira lærebok. Me heiar på kvarandre og støttar kvarandre. Ho har ei god oppleving av at eldre kvinner har vore ein stor ressurs for dei nyttilflytta i Øystese. Sjølv har ho også fått det meste av norskopplæringa si og innføring i norsk mattradisjon frå eldre. Fellesskap er oppsummeringa for det som her var sagt.

**Liv Kolskår**, leiar i Hordaland Bygdekvinnelag ynskte velkomen og gav praktisk informasjon. Liv oppfordrar alle lokallaga å sjekka at informasjon om medlemne er riktig i medlemslistene.

**Ordstyrar Ingebjørg Winjum** opna årsmøtet og informerte om møtereglar.

**Sak 1** Namneoppnop ved Gerd Laura Bondhus. Det var 56 røysteføre.

**Sak 2** Godkjenning av innkalling og saklista  
Litt endring på saklista. Ingen merknader til det. Godkjend.

**Sak 3 Val av skrivarar**  
Åsa Gunnarsdottir og Randi Flatabø Opheim vart valde

**Sak 4 Val av teljekorps og val av redaksjonskomité**  
Astrid Lunestad og Therese Rykkje vart valde til teljekorps.  
Siv Helle Prestegard og Inger Dyrnesli vart valde til redaksjonskomité.

**Sak 5 Val av to medlemmar som saman med leiar skal skriva under protokollen**  
Margunn Hauso og Astrid Børsheim Jordal vart valde.

**Sak 6 Handsaming og godkjenninga av årsmeldinga** Silje Ensby har utforma årsmeldinga og den er trykt på Voss. Liv Solfrid Lono tok gjennomgang av årsmeldinga ho las helsinga frå styret i HBK og såg igjennom helsingar frå dei lokale bygdekvinnelaga som hadde sendt inn.

**Kommentarar:**

-Martha Bjørgum Meland frå Espe BKL sakna deira innslag i årsmeldinga. Ho las opp innslaget der det blant anna kom fram at dei lagar adventskalendarar med berre heimelaga gevinstar som er pakka i heimelaga nett. Slik skaffar dei inntekter til laget. Til kvar jol sender dei jolehelsing til alle husstandar i grenda.

-Bente Enes Bondhus frå Omvikdalen BKL hadde forslag om at årsmøte vert digitalt anna kvart år.

-Astrid Larsen frå Stord BKL. God årsmelding og gode innputt frå mange lag. Spurde om endringsforslag frå Hordaland Bygdekvinnelag angående formålsparagrafen var sendt inn og om alle kunne få sjå den.

-Åsa Gunnarsdottir frå Ulvik BKL roste årsmeldinga og las frå minneorda om Målfrid Hjeltnes.

-Ellen Nydal Sekse frå Børve og Sekse BKL Når me sender inn til årsmeldinga på e-post er det eit ynskje å få tilbakemelding om at e-posten er motteken.

-Signe Opdal frå NBK sa at det ikkje er problem med årsmøte på teams, men skriftleg val er eit problem.

Årsmeldinga vart godkjend.

## Lunsj

**Sak 7 Leiars tale.** Liv Kolskår las opp namna til æresmedlemar og observatørar som var til stades og presenterte styret ho har med seg i Hordaland Bygdekvinnelag.

Ho fortalde at 24. februar vart Eksingedalen Bkl starta med 23 medlemar. Hadde ei lett gjennomgang av aktivitetar i året som har gått. Streif på Osterøy var veldig flott, og i mai må alle ta turen til Røldal på streif. Voss bkl har feira 100 år og Grimo Bkl feirar 70 år i år.

NBK fekk Det Norske Måltids heiderspris i fjor. Anne Irene Myhr, leiar i Norges Bygdekvinnelag, jobbar godt for sakene til bygdekvinnelaget. Me er Beredsskapsorganisasjon og alle kommunar har fått brev frå NBK om å ha med sine lokale bygdekvinnelag i beredskapsråd. Norges Bygdekvinnelag har vore med i arbeidet for å få regjeringa til å setja av 4 millionar kroner til beredskap. Bygdekvinnelaga er gode på mat og samhald, bruk av natur og foredling av råvarer. Me må læra det vidare. Liv oppmodar alle å sjå på podkast med Stord bygdekvinnelag. Synlegheit er viktig og å bruka lokalavisa for å visa det positive som skjer.

Det er veldig positivt å delta på inspirasjonsseminar og i juni kan ein delta på landsmøte i Drammen. På landsmøtet vert saka om distriktårs møte skal haldast anna kvart år. Om så vert, då vil Hordaland BKL ha inspirasjonsmøte anna kvart år. 8.mars, Kvinnedagen er i morgon. Her i landet har me det bra, men verda er ikkje lika god for alle kvinner lenger.

Bygdekvinnelaget gjer eit viktig arbeid og kvart lag arbeider ut ifrå sine kvalifikasjonar.

Mykje godt og spennande arbeid vert gjort, og alle gjer ein kjempegod innsats.

Liv takka for godt arbeid.

## Generaldebatt:

Margunn Hauso frå Ulvik BKL, sa at inspirasjonsseminar er veldig kjekt og om lokallaga kan støtta sine frå styret til å reisa så er det vel anvendte pengar.

Siv Helle Prestegard frå styret i Hordaland BKL– Takka Vikøy bkl for flotte buttons med nokon artige ord på. « Ridl og radl ein undersmyger og smetadadl», var nokre ord og det var lokale namn på bakstereiskap . Siv fortalde om ei oppleving der ho var utan vatn i 22 dagar. Ho har tenkt beredskap og har vatn på dunkar, men 20 literen ute i garasjen var frosen og ikkje råd å bæra inn åleine, ho påpeikar å ha vatn på mindre kanner. Kanskje alle skulle prøvd 2 veker utan vatn. Beredskapshefte finn ein på nettet. Stortingsmelding nr 9 handlar om praktisk matkunnskap.

Siv stiller til val som 1.vara i HBK sitt styre. Det er veldig kjekt, lærerikt, møter mange gode og kjekke folk. Ho oppmodar dei yngre å melda seg til styret, me treng yngre inn i styret. Der er det kjekt og godt samarbeid. Ho ofrar gjerne plassen sin for yngre krefter. Martha Bjørgum Meland frå Espe BKL viste hefte om beredskap frå 1941 der viktigheita av sjølvberging var tema. Dette er like aktuelt i dag.

**Sak 8 Vedta arbeidsplan for komande år** Inger Dyrnesli hadde gjennomgang av styret sitt forslag til arbeidsplanen.

**Kommentarar:**

Margunn Hauso frå Ulvik BKL foreslår at arbeidsplanen vert meir retta mot medlemmane. Og at me vel Bygdekvinne-streif framfor regionsmøte. Streif er for heile distriktet.

Astrid Larsen frå Stord BKL sa at det er flott med streif i staden for regionsmøte. Ynskjer ikkje at det vert lagt til 3 regionar med så få lag i Sunnhordland.

Bente Enes Bondhus frå Omvikdalen BKL - Støtter at me skal halda på streif. For Omvikdalen er det greitt å høyra til laga som er nærast i regionen.

Arbeidsplanen vart godkjend.

**Sak 9** Handsaming og godkjenning av revidert rekneskap. Astrid Etestad hadde gjennomgang av rekneskapen.

Rekneskapen vart godkjend.

**Sak 10** Vedta budsjett for komande år. Astrid Etestad las opp forslag til budsjett. Budsjett vart godkjend.

Åse Willgohs æresmedlem i Hordaland Bygdekvinnelag, medlem i Huglo BKL fortalde frå eit minnerikt årsmøte frå 1995 i Øystese. Det var flott vèr i dei flottaste omgjevnader. Anna Torhild Før Sund Blikberg også æresmedlem i Hordaland Bygdekvinnelag, medlem i Oppheim og Hauge BKL takka for at dei fekk koma. Ho hadde eit ynskje om å ha nokre utskrivne eksemplar av årsmøtepapira til årsmøtet for dei som ikkje har høve til å skriva ut sjølve.

**Gruppearbeid i 20 minuttar. Om beredskapsarbeid for lokallaga i sine kommunar:** 4 på kvar gruppe og det var eit godt engasjement i heile salen. Alle innspel vart levert til styret i Hordaland Bygdekvinnelag.

**Helsing frå Norges Bygdekvinnelag** Signe Opdal fortalde om seg sjølv som fruktbonde i Stryn. Ho tok før seg høgdepunkt frå NBK i 2025. NBK fekk Det Norske Måltids heiderspris for stort bidrag på nettsida med Norsk tradisjonsmat. Det er gjort saftig ansiktsløft for norsktradisjonsmat.no. Oppskriftene kan ikkje brukast om straumen går, så det må øvast og kanskje skriva ut noko. NBK er anerkjent som beredskaps-organisasjon og dette vert eige sak på landsmøtet i juni.

Stortingsmelding 9- Totalberedskapsmeldinga. NBK er rådgjevande organisasjon om korleis utøva beredskap. Eigenberedskap, me har trygge lokalsamfunn og praktisk matkunnskap. Når krisa inntreffer skal me kunna levera mat i store mengder og i tillegg ta vare på naboen.

Vegen vidare då skal me blant anna auka matkunnskap. Brev til kommunane, veiledar og malar.

Tilskotsordning til mat og omsorgs-beredskapsorganisasjonane, totalberedskapsåret 2026 og beredskapsveka 44. Valpakke 2025 til stortingsvalet bør delast ut til politikarane.

Formålsparagrafen er no klar til å takast med på Landsmøtet. Også den nye politiske plattformen og ny strategiplan mot 2030.

Forslaget til vår nye visjon er: Bygdekvinnelaget- for fellesskap, kunnskap

og inkludering.

Internasjonal kvinnesolidaritet. NBK vil halda fram med samarbeid med Utviklingsfondet om å styrka kvinnene sine kår i Guatemala. Ein opplever at fleire av kvinnene vert sjølvstendige i sitt eige liv. FN rapport viser at kvinner sine rettigheter og moglegheiter er i tilbakegang elles i verda. Lokallaga må vera flinke å søkja midlar til alle aktivitetar. Og hugs momskompensasjonen.

**Helsing frå Vestland Bondelag.** Guro Stuve er odelsjenta på ein gard i nærleiken. Har fleire ting på garden. Jobbar mykje med ungdom og likar det veldig godt. Er litt hobbypsykolog for andre bønder. Mange unge overtek, også unge damer. Landbruket har mykje positiv utvikling, me må passa på å skryte litt og ta tak i det som trengs. Må vera litt strenge med ungdomane for å få dei med på aktivitetar. Bondelaget set pris på bygdekvinnelaget og deira arbeid. Dei er gode å ha med på møter i Bondelaget. Takk for å ha fokus på norsk mat. Bygdekvinnelaget har gode etiske køyrereglar. Flott om det hadde vore meir samarbeid på det lokale planet mellom bkl og bondelaget.

### **Helsing frå 4 H Hordaland**

Espen Aaserød fortel at dei er glade for samarbeid med bygdekvinnelaget, det er viktig for komande generasjonar. Det er mykje me kan læra av kvarandre. 4H feirar 90 år og har då fokus på landvirket og jobbar mot felles mål i landbruket.

**Sak 11 Regioninndeling** Leiar Liv Kolskår hadde innleiing om saka.

Merknader:

Inger Dyrnesli, Kinsarvik BKL- Dei ynskje å vera i lag med lag frå same kommune i regionen.

Åsa Gunnarsdottir Ulvik BKL- Kjekt med kontaktperson frå Hordaland BKL som har kontakt med lokallaga.

Manuela Bjotveit- Bu og Ringøy BKL har både Eidfjord og Ullensvang og tenkjer at det er lettare å samarbeida med Ulvik og Voss. Det er geografisk kortare avstand.

Bente Enes Bondhus Omvikdalen BKL- Det bør vera greitt at Bu og Ringøy kan høyra til den region dei ynskjer.

Ellen Nydal Sekse, Børve og Sekse BKL- Føles naturleg å samarbeida med dei laga som er nærast. Bente Bondhus, Omvikdalen BKL har eit stort sterkt lag med opp til 7 mil mellom medlemane.

Kanskje nokon bygdekvinnelag i fjorden kan slå seg saman?

Anita Bang- Odda har eit BKL Me må verta flinkare å samarbeida. Støttar forslaget slik at me får prøvd oss til å gjera godt arbeid saman.

Inger Dyrnesli, Kinsarvik BKL- Kanskje det ikkje er naudsynt med regionar.

Siv Helle Prestegard frå styret i HBK- fekk vita at som styremedlem i HBK skulle ho ha ansvar for ein region og ha regionsmøte. Det er godt å få inpulsar frå kvarandre og har opplevd det veldig nyttig. Dei små laga har kvar sine ting som dei arbeidar med, som er viktige for den bygda. Alle i lokallaga har fått invitasjon til desse møta og det er gode samtaler.

Bente Enes Bondhus, Omvikdalen BKL- Har respekt for alle lokallaga. God arena for formidling. Når lag er så stort som Omvikdalen er det fleire moglegheiter å driva det på forskjellige måtar.

Astrid Larsen, Stord BKL - Dette brukar me mykje tid på. Kwart lag har delegatar til årsmøtet. Når regionar er så store som med 11 lag er det fare for at dei kjem til å ha stor makt på eit årsmøte imot ein region som har berre 4 lag.

Årsmøtet hadde val om forslaget frå styret i Hordaland Bygdekvinnelag om å ha 3 regionar

**Vedtak:** Forslaget om å ha 3 regionar vart vedteke. 16 røyster imot.

Bu og Ringøy BKL kom med endringsforslag om at dei fekk tilhøyra region Voss og Hardanger.

**Vedtak:** Endringsforslaget vart vedteke.

## Sak 12 Innkomne saker:

Sak frå Huglo Bygdekvinnelag: Ynskje om at årsmøte vert lagt sentralt til Bergen for å ha kortare veg for alle.

### Merknader.

Ragnhild Svendsen, Huglo BKL- Billigare, me kan få gode og billegare avtalar i Bergen  
Turid Nesheim, Lothestranda BKL- Ynskjer å flytta årsmøta til Bergen. Støttar forslaget frå Huglo.  
Årsmøtet er ein arbeidsdag, det er ikkje tid til å sjå bygdene me er i.

**Vedtak:** Det vart vedteke å halda fram slik det er i dag med 16 røyster imot.

**Sak 13 Val ved leiar i valnemnda** Ellen Nydal Sekse leiar i valnemnda las referat frå valnemnda.  
Gjekk lett å få kandidatar til styret denne gongen.

Litt endring i godtgjersla for fysiske møter. Ellen takka for samarbeid med valnemnda.

Ordstyrar leia valet. Det var 54 med røysterett.

**Styret:** Leiar er vald med skriftleg val

Andre i styret og vara vart valde med akklamasjon.

Leiar	Liv Kolskår	Bjørgum	Attval	1 år
Styret	Liv Solfrid Lono	Odda	Attval	2år
	Inger Karin Dyrnesli	Kinsarvik	Attval	2år
	Gerd-Laura Bondhus	Omvikedalen	Ikkje på val	
	Astrid Ettestad	Ulvik	Ikkje på val	
Vara til styret	1 Siv Helle Prestegard	Vikebygd/Aga	Attval	1år
	2 Guro Holmberg	Stord	Attval	1år
	3 Helga Fossheim	Omvikedalen	Attval	1år

### Møteleing årsmøte 2027:

Ordstyrar: Ingebjørg Winjum

Varaordstyrar: Anna Torhild Førund Blikberg

### Utsendingar til landsmøtet i Norges Bygdekvinnelag Drammen 5 - 6 juni 2026

5 stk og 3 vara. Vald med akklamasjon

Liv Kolskår

Gerd-Laura Bondhus

Astrid Ettestad

Inger Karin Dyrneli

Liv Solfrid Lono

1. Vara: Tone G. Solvang, Vikøy

2. Vara: Linn Helen Lothe, Fitjar

3. Vara: Manuela Bjotveit, Bu og Ringøy

### Valnemnd:

Sunnhordaland	1 Astrid Larsen	Stord	1 år
Hardanger mot Bergen	2 Turid B. Njåstad	Osterøy	2år
Voss	3 Margunn Hylland	Oppheim og Hauge	3år

Desse vart valde med akklamasjon.

## Godtgjersle:

### Reisegodtgjersle for valnemnda og andre med oppdrag for HBK:

Styret	Nkr pr år	Nkr pr møte	
		Fysisk møte	Digitalt møte
Leiar	15000	1200	800
Nestleiar	6000	1200	800
Kasserar	4000	1200	800
Skrivar	4000	1200	800
Andre styremedlemer	4000	1200	800
Varamedlemer		1200	800
Ordstyrar på årsmøte		1200	

### Godtgjersle elles:

Heimesideansvarleg	1500
Ansvarleg for årsmelding	2000
Leiar i valnemnda	1000
Telefongodtgjerdsla valnemnda	300

Reisegodtgjerdsla for styret, valnemnd og andre oppdrag for HBK:

Kilometertakst etter statens sine takstar. Elles etter bilag (kvittering for buss/tog/bil)

Alle godtgjersler var vedteke slik dei vart lagt fram av valnemnda.

Leiar Liv Kolskår takka for å få tillit til nytt år som leiar.

Ellen Sekse leiar for valnemnda vart takka.

Vertslaga, Øystese BKL og Vikøy BKL vart takka for innsatsen .

### Presentasjon av distriktsårsmøtet 2027

Stord, Fitjar og Huglo BKL inviterer til Stord 13.-14.mars 2027

Minner om streif i Røldal 30.mai.

Møtet var slutt klokka 17.50.

Loddtrekning var straks etter årsmøtet.

*Liv Kolskår*

Liv Kolskår  
Leiar

*Åsa Gunnarsdóttir*

Åsa Gunnarsdottir  
Skrivar

*Randi Flatabø Opheim*

Randi Flatabø Opheim  
Skrivar

*Margunn Hauso*

Margunn Hauso  
Årsmøtedeltakar

*Astrid Børsheim Jordal*

Astrid Børsheim Jordal  
Årsmøtedeltakar